

Møtereferat

Dato: 17.02.2015

Emne:	Referat frå Regional planforum 17.02.2015 - Planprogram for områdeplan for Midtmarka, Rotemyra og Håøya - Meland kommune	
Til stades:	Marit Rødseth, HFK; Hans-Christian Engum, HFK; Hege Løvteit, SVV; Unn Jenny Utne Kvam, SVV; Monika Serafinska, HFK; Gunnhild Raddum, HFK; Gundrun Stefansdottir, FMHO; Grete Riise, FMHO; Brooke Wilkerson, FMHO; Stian Hviding, Vest-Land Eiendom AS; Alexander Helle, Meland kommune; Heidi Havelin, Opus; Gunnar Wiederstrøm, Opus; Anny Bastesen, Meland kommune; Nils Marton Aadland, Meland kommune;	
Forfall:		Sak: 2014/13624-63
	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordland	

Møteleiar: Marit Rødseth

Referent: Hans-Christian Engum

Referat Planforum 17.02.2015

Presentasjon i første del av møtet v/kommunen og konsulent

- Utbygging av Midtmarka har vore diskutert sidan 70-talet. Det vart utarbeidd ein plan som vart revidert på 90-talet, ny revidering 2004. Planprogram vart på nytt revidert i 2010, og godkjent av MD.
- Meland kommune ønskjer å utvikle Flatøy dei neste 20-25 åra.
- Meland er på topp i NHO i næringsetablering.
- Utvikle tursti Håøya, men kanskje ikkje på same trase som dagens, ein bør knytte til kvaliteteter i strandsona
- I planarbeidet ønskjer ein å utvikle kvalitetsprogram for utbygging. Utbygginga vil skje stykkevis og kvalitetsprogrammet blir da viktig.
- Ønskjer spesielt innspel på medverknad
- I planarbeidet skal lagast ein eigen mobilitetsplan for området.

Innspel

- Det er fleire statlige og regionale føringar som manglar i planprogrammet
 - Statlige planretningslinjer for bustad, areal- og transportplanlegging
 - Statlege planretningslinjer for strandsona
 - Stortingsmeldingar
- Det vart påpeika at kommuneplanen ikkje er avklart i høve til Midtmarka. Kommuneplanen må bli avklart og skal sette rammene for områdeplanen. Der er enno uklarheiter i høve til Flatøy. Dette må avklarast før områdeplanen vert fremja. Til dømes gjeld dette småbåthamn, og generell vurdering av bustadreserven.

- Planområdet bør bli utvida slik at krysset blir med. Ut til kommunegrensa i sjø, og så langt sør som ny E39 møter eksisterande trase.
- Statens vegvesen meiner at firefelts veg og toplanskryss skal vere eit premiss for heile konsekvensutgreiinga og planarbeidet. Ein kan ikkje få meir trafikk i området utan at det kjem krav om toplanskryss. Heile planområdet for vegen må konsekvensutgreiast. Dette må kommunen vurdere. SVV har ikkje eige planarbeid på Flatøy no, siste arbeid er det som er gjort med midtdelar.
- Det blir lagt opp til trinnvis utbygging. Spørsmålet er kva alternativ for kryss. Korleis kople kryss og tofeltsvegen som er der i dag.
- Kva inneber det at ein skal utgreie eit lokalvegssystem? Kva kryss er det knytt til? Lokalvegnettet er tenkt som eit system for å fordele trafikken på Flatøy, utan at ein må ut på E39. Kople saman Midtmarka med resten av Flatøy utan å nytte E39.
- Det er lagt vekt på miljøvennelege reiser i planprogrammet, det er bra. Kommunen bør nytte kollektivstrategien for Hordaland i vidare arbeid. Busetnad bør lokaliserast nær kollektivknutepunkt. Lite sannsynleg å køyre buss inn i sjølve planområdet.
- Det finnes ingen sykkelsti mellom Knarvik og Flatøy per i dag. Bør gjerast noko med.
- Kva tenkjer ein om hurtigbåtstopp på Flatøy, det er ikkje langt mellom stoppa som er i dag.
- Kommunen ønskjer å utvikle Flatøy med båt, buss og innfartsparkering.

Kulturminne:

- For kulturminne er KU-programmet langt veg tilstrekkelig.
- Håøya har viktige kulturminne som må takast omsyn til
- Langaneset: 107-919. Direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Ligg midt i sjøssportområdet. Her er det nytt planføremål frå førre plan, då låg det som grøntareal.
- Sjøfartsmuseet vil ha meir konkretiserte undersøkingar i planarbeidet. Ikkje naudsynt å gå inn på heile arealet, blir kostbart med undersøkingar. Utvider ein planområdet vil ein omfatte fleire minner i sør. Må nytte omsynssoner for kulturminne. Undersøkelsesplikten i høve til sjøfartsmuseet må ivaretakast.

Strandsone:

- Begge alternativ skal leggje til rette for sjøretta verksemd. Her finnast strandsoneverdiar som ikkje finnast så mange andre steder, i alle fall ikkje i Meland. Utbygging i strandsona er tatt inn i kommuneplanen så det handlar om detaljering. Kommunen ønskjer å gjere strandsona tilgjengeleg.

- Må sjå privatisering opp i mot tilgjengelegheit. Må vurderast nøye at ein ikkje privatiserast for mykje. Kor kyststien skal bli lagt er viktig å avklare i planarbeidet. Tilkomst til sjøen er viktig. Politisk er det et stort poeng å gjere Håøya meir tilgjengeleg.

Bustader

- Området er lagt ut som sentrumsføremål i kommuneplanen. Her bør det leggast til rette for at det kan bu mykje folk. Etablere eit nærsenter der området er mest mogeleg sjølvberga med funksjonar og tenester.
- Legg barnehagane slik at dei lett får tilgang på dei beste uteområda.
- Viktig å ha fokus på tilkomst over Hagelsundbrua, blir fort bussing for å gå på skule og liknande. Fokus på sykkel og gange.
- Ny bru er regulert på Lindås si sida, og Statens vegvesen reknar med at dette blir regulert på Flatøy i denne planen, men det ligg ingen midlar på bordet enno.
- Bygging er mest aktuelt på sørsida av høgspentina. Må setje fokus på gode møteplassar, ikkje spreie møteplassane, utvikle eit godt senterområde.
- Flatøy må utviklast som eit lokalsenter, skal ikkje konkurrere med Knarvik på handel.